

## Tabell D-k

### Distriktstilskot Sør-Noreg og veksttilskot.

Tabellen viser bakgrunnstala for berekninga av distriktstilskot Sør-Noreg og veksttilskotet i 2014.

#### Kolonne 1 – Innbyggjarar per 1.1. 2010

Kolonnen viser innbyggjartalet per 1. januar 2010.

#### Kolonne 2 – Innbyggjarar per 1.1. 2013

Kolonnen viser innbyggjartalet per 1. januar 2013.

#### Kolonne 3 – Gjennomsnittleg skatteprosent 2010-2012

Kolonne 3 viser gjennomsnittleg skatteprosent for åra 2010-2012, i prosent av landsgjennomsnittet

#### Kolonne 4 – Soneinndeling

Kolonne 4 viser soneinndeling i det distriktspolitiske verkeområdet per 1. januar 2007. For nærare omtale av det distriktspolitiske verkeområdet viser vi til St.prp. nr. 57 (2007-2008), *Kommuneproposisjonen 2009*.

#### Kolonne 5 – Distriktsindeks

Kolonne 5 viser distriktsindeks per 1. januar 2007. For nærare omtale av distriktsindeksen, som blei utvikla i forbindelse med utforminga av det distriktspolitiske verkeområdet, viser vi til St.prp. nr. 57 (2007-2008), *Kommuneproposisjonen 2009*.

#### Kolonne 6 – Distriktstilskot Sør-Noreg 2014

Kolonne 6 viser distriktstilskot Sør-Noreg i 2014. Tilskotet tildelast kommunar i Sør-Noreg som ligg i sone IV eller sone III i det distriktspolitiske verkeområdet, som ikkje mottek Nord-Noreg- og Namdalstilskot eller småkommunetilskot, og som har ei gjennomsnittleg skatteinntekt dei siste tre åra som er lågare enn 120 pst. av landsgjennomsnittet.

Alle kommunar i sone IV kan få støtte, medan kommunar innanfor sone III får tilskot dersom den samfunnsmessige utviklinga er svak. Samfunnsmessig utvikling blir målt ved ein distriktsindeks som gir eit uttrykk for utviklinga i tilgjengelegheit, demografi, arbeidsmarknad og inntekt. Kommunar i sone III som har en indeks lågare enn 35 får fullt tilskot, mens kommunar i sone III med indeks mellom 35 og 46 mottek redusert tilskot. Kommunar i sone III med indeks på 47 eller høgare, sone II og sone I mottek ikkje tilskot.

Distriktstilskudd Sør-Noreg gis med ein sats per kommune og ein sats per innbyggjar. Satsane er prisjustert frå 2013 til 2014. Tilskotet er basert på innbyggjartal per 1. januar 2013.

Satsar i 2014:

Sone og indeks	Per kommune (1000 kr)	Per innbyggjar (kroner)
Sone 4	3 728	876
Sone 3, indeks 0-35	2 796	655
Sone 3, indeks 36-38	2 237	525
Sone 3, indeks 39-41	1 680	393
Sone 3, indeks 42-44	1 120	264
Sone 3, indeks 45-46	560	132

### **Kolonne 7 – Befolkningsendring 2010-2013**

Kolonnen viser prosentvis gjennomsnittleg årleg endring i innbyggjartalet i perioda 2010 til 2013. I berekningane blir det nytta innbyggjartal frå 1. januar 2010 og 1. januar 2013.

### **Kolonne 8 – Vekstgrense veksttilskotet 2014**

Kolonnen viser vekstgrensa for å vere kvalifisert til veksttilskot i 2014. Vekstgrensa er lik 175 prosent av landsgjennomsnittlig årleg befolkningsvekst frå 1. januar 2010 til 1. januar 2013. I perioden som ligg til grunn for berekningane av veksttilskotet i 2014 er gjennomsnittleg årleg vekst for landet 1,31 prosent, og vekstgrensa blir 2,29 prosent.

### **Kolonne 9 – Innbyggjarar ut over vekstgrensa**

Kolonne 9 viser talet på nye innbyggjarar ut over vekstgrensa på 2,29 prosent.

### **Kolonne 10 – Veksttilskot 2014**

Kolonne 10 viser kva den enkelte kommune får i veksttilskot i 2014. Sats per nye innbyggjar ut over vekstgrensa er i 2014 46 575 kroner. Veksttilskotet til kommunen i 2014 er lik talet på nye innbyggjarar utover vekstgrensa (kol. 9) multiplisert med 46 575 kroner.